



Jørn Øyrehagen Sunde heldt foredrag om Grunnlova også i 2012 i Baroniet saman med Erik Holmøyvik og Rasmus Glenthøj

Kvinnherad Senioruniversitet arrangerer i samarbeid med Grunnlovskomiteen i kommunen ope møte med orgelkonsert og foredrag torsdag 24.april i Kvinnherad kyrkje.Uskedelingen, professor Jørn Øyrehagen Sunde, er sentral i markeringa.

Kantor i Kvinnherad, organist Eva Györgyi Megyesi, vil stå for konserten. Det vil bli eit variert program med musikk av Bach, Steenberg, Franck, Liszt, Hovland og Boelmann.

Eva er født i 1964 og oppvaksen i Ungarn, har mastergrad i både orgel- og pianospel samt pedagogisk utdanning. Ho har gitt konsertar i heileEuropa. Vidare har ho arrangert internasjonale orgel- og pianofestivalar, og ho har spelt inn CD-ar. Kjærleiken førde ho til Noreg, og no bur ho og

mannen i Odda. Her i Kvinnherad er ho i gong med prosjektet «Tolv konsertar i tolvkyrkjer».

I 2015 tar ho fatt på neste prosjekt «Husnes Internasjonale Orgel Festival». Det er ei glede å ha ein slik kapasitet i vårt lokalmiljø, og vi kan love ein flott konsert.

Foredraget vil og bli halde av ein kapasitet på sitt område, Jørn Øyrehagen Sunde. Jørn er født i Uskedalen i 1972, tok doktorgraden ved Det juridiske fakultet i Bergen i 2007, og vart same året professor i rettshistorie der.

Han har sidan 2006 vore forskingsleiar ved museet Baroniet Rosendal, og var mellom 2008 og 2010 professor 2 ved Mellomaldersenteret i Bergen.

Han har gitt ut fleire juridiske publikasjonar og skriv no Høgsteretts historie 1965-2015.

Foredraget hans har tittelen:

Frå Gud og neste til stat og medborgar -gudsførestillingar og Grunnlova av 1814.

Det er like vanskeleg å tenkja Gud og religion ut av rettshistoria som å frigjera rettshistoria frå økonomi, teknologi, filosofi og andre fundamentale fysiske eller mentale erfaringstypar.

Sjølv etter byrjinga av 1700-talet, då ateisme vart eit samfunnsfenomen som fekk merksemd, om det enn ikkje var så omfattande, var religion og førestillingar om Gud eit uttalt bakteppe for rettstenkinga.

Så når eidsvollsmennene i mai 1814 i § 2 vedtok at «den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion», så var det fordi dette var det nest viktigaste konstitusjonelle, og dermed rettslege, prinsippet etter at «Kongeriket Norge er et frit, uafhængigt og udeleligt Rige. Dets Regjeringsformer indskrænket og arvelig-monarkisk.»

I foredraget vil Jørn utforska korleis endringar i Gudsførestillinga frå midten av 1600-talet og fram til 1814 var med å utvikla og legitimera ein stadig sterkare og meir aktiv stat.

Deretter vil han sjå på korleis denne staten, med sine embetsmenn, etter kvart stilte seg i ein mellomposisjon mellom folk og Gud, og overtok både som garantist for tryggleik og velstand i samfunnet, og for moral og nestekjærleik.

Koplinga mellom Gud, stat og embetsmenn som ein finn i Grunnlova av 1814 reflekterer slik både den sentrale rolla religion spelte i Eidsvollsmennene sitt medvit, samstundes som ein i denne koplinga òg finn kimen til sekulariseringa av samfunnet.

Velkommen til eit vakkert og spennande arrangement.

Tekst: Grethe Brundtland

Foto og nett: Ola Matti Mathisen